



GISKE BARNEHAGE

SAMAN I TRYGGLEIK OG UNDRING

GJENSIDIG RESPEKT

INKLUDERANDRE

SKAPANDE

KOMMUNIKATIVE

ENGASJERTE

GJENSIDIG RESPEKT

- Verkeleggjere barnas menneskeverd
- Profesjonelle
- Leiken har ein eigenverdi

INKLUDERANDRE

- Anerkjenne
- Imøtekomme alle barns behov
- Smil, humor og glede

SKAPANDE

- Undring
- Kreativitet
- Meistring

KOMMUNIKATIVE

- Talar barnets sak
- Bevisst på språkbruk
- Foreldresamarbeid

ENGASJERTE

- Hjelp og løfte kvarandre
- Læring med utgangspunkt i barnas interesser
- Nytenkjande og endringsvillige



Forord

Dette verdidokumentet vart utarbeida i Giske oppvekstsenter, barnehage hausten 2018 og våren 2019. Det er fleire målsetningar gjennom utviklingsarbeidet «to fram» kor arbeid med verdiar er sentralt. Sist det vart gjort verdiarbeid i Giske barnehage vart ikkje arbeidet dokumentert og resultatet frå arbeidet var ny visjon og taus kunnskap. Derfor har vi no laga ei verdiplattform som alle i barnehagen har vært med på å utvikle.

Arbeide med verdiplattforma har forgått over fleire personalmøter og planlegningsdagar. Og nytta arbeidsmetodar har blant anna vore dialog-kafé, IGP, diskusjon og refleksjon i grupper og avstemming ved hjelp av mentimeter.com. På denne måten har heile personalet vore med på arbeidet og fått eit eigarforhold til dei verdiane som skal vere gjeldande i Giske barnehage.

I dette arbeidet har personalet også arbeida med visjonen. Personalet er samde om at vi har ein god visjon og at vi ønska å revitalisere den, vi har diskutert og reflektert om korleis det ser ut i praksis når vi er saman med barna i tryggleik og undring. Visjonen skal opp på veggen i stor skrift og konstant minne oss på korleis vi ønska å arbeide.

Korleis ser det ut i praksis?

Det går fram av barnehageloven § 1 at barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som er kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane. Alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og internasjonale konvensjonar som Norge har slutta seg til slik som barnekonvensjonen og ILO-konvensjonen.

Barnehagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av barnehagens pedagogiske arbeid. Og dei tilsette si evne, mogligheit og vilje til å praktisere verdigrunnlaget i det daglege arbeidet, er heilt avgjørande for kvaliteten på tilbodet til barnehagen.

Gjensidig respekt

Dei tilsette i barnehagen har mange relasjonar dei skal møte som profesjonelle. Først og fremst er dei saman med barna, og dei har også ei profesjonell tilnærming til relasjonane mellom barna. I tillegg til barna skal dei tilsette også opptre profesjonelt overfor kvarandre og foreldra. Å vere profesjonelle i møte med den andre vil sei at den dei tilsette møter følar seg sett og høyrte. Samtidig krev det både fagkunnskap, etisk refleksjon og profesjonell skjønn av personalet. Bruk av profesjonell skjønn er avgjerande for å kunne gjere gode faglege vurderingar.

Menneskeverdet har ein særegen plass i barnehagar. Og om personalet lykkast med å verkeleggjere barnas menneskeverd har dei i stor grad lykkast med verdiarbeidet overfor barna. Det har vore eit paradigmeskifte når det gjeld syn på barnet (Sommer, 2003). Forsking frå 80-tallet og frem mot år 2000 har dokumentert at spedbarn kjem til verden som relasjonsorienterte og meiningsskapande.

Å arbeide for å verkeleggjere menneskeverdet vil sei at personalet arbeider for å skape likeverd mellom barn og tilsette. At personalet lyttar til barna og tek dei på alvor, barna skal ha rett til å uttrykke seg om alle sakar som angår dei og dei tilsette skal ta det til etterretning utifrå barnets alder

og modning. Det skal vere er rom for følelsar og dei tilsette skal anerkjenne barnas følelsar og i møte med barna skal dei tilsette tone seg inn på barna. Alle barn er forskjellige og dei tilsette skal anerkjenne barna for den dei er. Barnehagen er til for barn, derfor skal barns kulturar og kulturskaping prege barnehagen. Dei tilsette skal ha eit heilskapleg syn på barna og synet på barn skal vere prega av at barn er kompetente, som igjen vil sei at dei tilsette skal undre seg saman med barna og vise respekt for barn sine tankar, syn og opplevingar.

Barn og vaksne har forskjellig syn på lek. For ein vaksen er lek ein aktivitet, altså noko ein gjer. For barn er lek ei verksemd. I leiken arbeidar barn med inntrykk dei får, dei uttrykker seg og dei lærer. Leiken til barna er så viktig i barnas liv at den har ein verdi i seg sjølv. Det at barna har rom, tid og moglegheit for lek er heilt grunnleggande i barnehagen. Dei tilsette skal legge til rette for lek, samt gi barna inntrykk som dei kan uttrykke i lek. Barnehagen skal også bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom lek, åleine og saman med andre.

Inkluderande

Inkludering i barnehagen handlar om at alle følar seg sett, høyrte og likeverdige. Meir mangfald og individualisering gir behov for demokratiforståing, respekt for ulikskapar og positive haldningar til å leve saman i fellesskap. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av. Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrde og delta.

I arbeidet med å vere inkluderande skal personalet anerkjenne barna, kvarandre og foreldre. Ved å anerkjenne barna for den dei er hjelp vi barna med å bygge opp deira sjølvkjensle. Og det å vere trygg på seg sjølv og ha ei god sjølvkjensle er viktig for å tørre å vere seg sjølv og stå på sitt i møtet med andre. Ved å anerkjenne og vise respekt for individa bygger også personalet opp rom for ulikheter.

Alle barns behov uansett utfordringar skal også imøtekomast. Med dette meiner vi at barnehagen skal tilpasse tilbodet etter behova til barna, både i lengre og kortare periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Inkludering handlar og om å leggje til rette for sosial deltaking. Innhaldet i barnehagen må formidlast på ein måte som gjer at ulike barn kan delta ut frå egne behov og føresetnader.

Den viktigaste faktoren for at Giske barnehage skal vere inkluderande er dei tilsette. Dei tilsette skal vere gode rollemodeller og ta ansvar for alle relasjonar i barnehagen. Gjennom å vere inkluderande i sitt arbeid lærar også barna å vere inkluderande. Dei viktigaste reiskapane dei tilsette har i arbeide med å ver inkluderande er smil, humor og glede.

Skapande

Skapande aktiviteter heng tett saman med å tileigne og utvikle kunnskapar og ferdigheiter. Gjennom undring, kreativitet og meistring i eit skapande miljø meiner vi å ha ein god arena for utvikling og læring. Barnehagen skal gi barna eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane.

Å vere skapande heng tett saman med visjonen vår om å møte barna med undring. Barna si oppleving av omverda samsvarer ikkje alltid med vaksne si oppleving. I Giske barnehage meiner vi det er viktig å anerkjenne barna si oppleving av omverda og i staden for å påtvinge barna ei vaksen tilnærming og hjelp barna gjennom undringa å skape meining og forståing.

Ein slik arbeidsmåte krev kreative, tålmodige og nysgjerrige tilsette. Og er ein læremåte som verkeleggjer menneskeverdet til barna. Barna vil også i større grad føle meistring av å finne ut noko saman med andre en å bli fortalt korleis ting er.

Kommunikative

God kommunikasjon er viktig i både arbeidet med barna og for barnehagen som organisasjon. Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Barna skal støttast i å kommunisere og barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk. Barns kommunikative ferdigheter vil variere utifrå alder, modning og utvikling. Og dei tilsette skal legge dette til grunn når dei kommuniserer med barna. Barna skal få tid til å uttrykke seg og dei tilsette skal lytte til barna og hjelpe dei til å uttrykke seg. Dei tilsette skal vere gode rollemodellar for barna innanfor språk og kommunikasjon, og må derfor ha eit bevisst forhold til korleis dei kommuniserer både med språk, mimikk og kroppsspråk.

Ein del av det å vere profesjonell i barnehagen er å ha eit bevist forhold til maktbalansen som er mellom ein vaksen og eit barn. Ein del av denne ubalansen i makt kjem tydelig til syne gjennom kommunikative ferdigheter. Dei vaksne har ei definisjonsmakt over barna, det vil sei at dei vaksne har makt til å skape definisjonar og makt til å få gjennomslag for sin versjon av verkelegheita. Derfor er det for oss i Giske barnehage svært viktig at dei tilsette talar barnet sin sak. Både i møte med andre barn, andre tilsette og foreldra. Det vil sei at vi kommuniserer med barna og prøvar å forstå deira verkelegheit og deira behov og uttrykker det for dei. Dei tilsette skal fungere som barnas advokatar.

Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå gjennom foreldrerådet og SU/FAU. Det er i samarbeid med foreldra barnehagen skal vareta barna og foreldre har rett til å medverke. Samarbeidet skal alltid ha barnets beste som mål. Både foreldra og personalet må ta inn over seg at barnehagen har eit samfunnsmandat og eit verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte.

Engasjerte

Ein profesjonell og god kollegialitet betyr at vi hjelper og løfter kvarandre. Vi engasjerer oss i dei andre sitt arbeid og deira praksis, og vi gir positive og konstruktive tilbakemeldingar. Det skal vere rom for prøving og feiling. Dei tilsette skal få rettleiing når dei har behov for det og som ein del av organisasjonskulturen. Det skal vere rom for å uttrykke seg og sine meiningar. Og engasjement, iver, glede og humor er viktig eigenskapar i organisasjonen.

Dei tilsette skal vere engasjerte overfor barna. Dei skal kjenne alle barna og vite kva barna er opptekne av. Dette og barna sine uttrykk skal ligge til grunne i det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Vi meiner at barna har større potensial for læring, samspel og vennskap om deira

interesser er utgangspunktet for læring. Personalet må gjere faglege vurderingar sjå på barnegruppa heiltaleg når dei planlegger det pedagogiske arbeidet.

Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. Barnehagen er stadig i endring og det krevjast av personalet at dei skal vere nytenkjande og endringsvillige. Dokumentasjon av praksis og å gjere den pedagogisk gjennom refleksjon, vurdering og endring er barnehagens viktigaste endringsverktøy. Personalet må også oppdatere seg på forskning både gjennom faglitteratur og kurs. Å aktivt søke impulsar frå andre er også eit nyttig verktøy og kan hjelpe oss frå og gå i same spor år etter år.

Giske kommune –ein engasjert medspelar

Giske barnehage er ein kommunal barnehage og kommunen har sitt eige verdigrunnlag. Verdigrunnlaget til kommunen skal vere ei rettesnor for dei tilsette i det daglege arbeidet og i møte med innbyggjarane og næringslivet. Det skal brukast aktivt for å vidareutvikle Giske som ein god og attraktiv kommune med effektiv tenesteyting til beste for innbyggjarane. Alle medarbeidarar skal gje verdiane konkret innhald og sjå til at ord vert til handling.

I Giske kommune skal det daglege arbeid vere prega av: Respekt, engasjement, løysningvilje og kvalitet.

Respekt gjennom å vere: Imøtekommande, involverande og pålitelege.

Engasjement gjennom: Meiningsfylte oppgåver, arbeidsglede og trivsel.

Løysningvilje gjennom: Heilskapleg tenking, kreativitet og handlekraft.

Kvalitet gjennom: Klar kommunikasjon, læring/utvikling og kompetanse.

Giske barnehage er i si eining ein del av eit oppvekstsenter saman med skulen. Sjølv om barnehagen har sine eigne verdier og sin eigen organisasjonskultur, tenker vi heilskapleg. Både i barnehagen, i eininga og som ein del av kommunen. Verdiane Giske barnehage har utarbeide har utgangspunkt og inspirasjon frå kommunen sine verdier og er tilpassa verdisynet som skal vere gjeldande i ein barnehage.

Arbeide med å lage ein verdiplattform dei tilsette kan vere samde om er med dette dokumentet ferdig. Samtidig vil arbeide med å implementere dei og sørge for at dei er gjeldande aldri bli ferdig. Giske barnehage skal vere ein verdibasert og verdistyrte barnehage og derfor vil vi alltid arbeide for å bli betre og vurdere om gjeldande praksis er god nok.